



## REGLEMENT FOR LEIGE AV KOMMUNAL EIGEDOM OG FOR HANDEL UTANOM FAST UTSTALSSTAD FRÅ KOMMUNAL EIGEDOM

*Fastsett av Ulstein kommunestyre den 23.04.2015, endra av Ulstein kommunestyre 21.9.2017 og 29.11.2018.*

### Kapittel 1 - Føremål

1.1. Ulsteinvik sentrum skal vere eit sterkt lokalt og regionalt senter for handel, service og kultur, med ein triveleg og tenleg bykjerne. Ulstein kommune ser på aktivitetar, arrangement og på handel utanom fast utsalsstad som eit positivt verkemiddel for å nå denne målsettinga, i samspel med anna etablert næringsverksemd.

### Kapittel 2 – Verkeområde

- 2.1. Dette reglementet gjeld for ulike arrangement, aktivitetar og handel på kommunal eigedom.
- 2.2. Handel utanom fast utsalsstad frå kommunal eigedom skal som hovudregel skje på kommunale plassar som er regulert til torg, og i tråd med dette reglement.

### Kapittel 3 - Areal for handel utanom fast utsalsstad og arrangement

- 3.1. I Ulstein kommune er følgjande kommunal eigedom godkjent for handel utanom fast utsalsstad:
- 3.2. **Område R:** Ved rådhuset – 5 plassar ca. 5x7 meter.



3.3. **Område KA:** Ved kulturallmenningen – 5 plassar ca. 8x6,2 meter



3.4. **Område B:** Ved Blåhuset – 4-5 plassar etter avtale



3.5. I særlege høve kan kommunen stille annan kommunal eigedom til disposisjon til bruk for handel, aktivitetar og arrangement o.l. Dette gjeld til dømes:

**Område KB:** Ved kulturallmenningen 5 plassar ca. 11x6,2 meter, og resten av parkeringsarealet på kulturallmenningen.



#### **Kapittel 4 – Søknad**

- 4.1. Arrangement, aktivitetar eller handel kan ikkje finne stad utan at kommunen har gjeve løyve til dette. Plass vert berre tildelt etter søknad, både for enkeltplassar og i samband med arrangement. Søklar skal i søknaden gjere greie for tidsrom for arrangementet, aktiviteten eller handelen, salsvarer, utstyr/ rigging, korleis arealet er tenkt brukt og arealbehov.
- 4.3. Det er ikkje høve til å søkje om å få disponere torg eller annan kommunal eigedom for å stengje andre aktørar ute.
- 4.4. Søklar må sjølv sørge for at søknad vert sett fram i rimeleg tid før vedkomande arrangement, aktivitet eller handel er planlagt.
- 4.5. Det må søkjast spesielt for leige av plass på 17. mai, og søknaden må som hovudregel setjast fram innan 1. mai.
- 4.6. Rådmannen kan avgjere at arrangement, aktivitet og handel frå kommunal eigedom den 17. mai skal vere prioritert, eller avgrensa til frivillige og allmennyttige institusjonar og organisasjonar.
- 4.7. Ansvarleg søklar må vere myndig.
- 4.8. Søklar pliktar å ha forsikring tilpassa verksemda/ aktiviteten sin art, og skal saman med søknaden legge fram gyldig forsikringsbevis. Ulstein kommune gjev normalt ikkje løyve om slikt forsikringsbevis ikkje kan leggest fram.

#### **Kapittel 5 – Løyve/ kontrakt**

- 5.1. Alle som skal drive handel utanom fast utsalsstad frå kommunale areal i Ulsteinvik må ha løyve frå rådmannen, eller den han delegerer mynde til.
- 5.2. Det skal utarbeidast kontrakt om leige, som skal underteiknast av kommunen og leigetakar/ arrangør.
- 5.3. Løyve for handel utanom fast utsalsstad kan som hovudregel gjevast for inntil 1 – ein – månad om gongen.
- 5.4. Det er berre tillate å nytte tildelt plass , sjølv om annan plass er ledig.
- 5.5. Løyve/salsplass kan ikkje overdragast eller framleigast til andre, utan skriftleg godkjenning frå kommunen. For festivalar og liknande sjå kapittel 11.
- 5.6. Ulstein kommune kan til ei kvar tid gjere endringar i, eller trekkje tilbake utstedt løyve.
- 5.7. Sal av nattmat utover ordinær opningstid, krev særskilt løyve.
- 5.8. Leigetakar/ arrangør er sjølv ansvarleg for å innhente naudsynte løyve frå, og for å gje melding til andre myndigheiter som til dømes politiet.

### **Kapittel 6 - Reglar vedkomande bruk av kommunal eigedom**

- 6.1 Arrangement, aktivitetar og handel frå kommunal eigedom skal skje etter dei til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter som gjeld for vedkomande verksemd. For eksempel skal sal av næringsmiddel meldast til Mattilsynet, sal av brukte og kasserte ting krev løyve frå Politiet, og etablering av serveringsstad krev serveringsløyve frå kommunen.
- 6.2 Sal frå vogner/serveringsstasjoner/boder som omfattar kommersielt sal av mat (pølser, grillspyd, vaflar og liknande) der maten blir bydd fram til fortæring på staden, krev og serveringsløyve frå kommunen. Bakevarer og bearbeidde landbruksprodukt som saft, syltetøy, ost og liknande, krev berre registrering hjå Mattilsynet.
- 6.3 Eventuelt behov for trafikkregulering som følge av arrangementet, aktiviteten eller handelen skal godkjennast av kommunen/vegvesen og politiet.
- 6.4 Det skal ikkje seljast produkt som er eigna til å tilgrise sentrum.
- 6.5 Det er ikkje tillate å marknadsføre eller selje våpen, softgun, våpenliknande replika, eller anna valdsrelatert utstyr.
- 6.6 Det er ikkje tillate å marknadsføre eller selje utstyr til bruk av ulovlege rusmiddel.
- 6.7 Det er ikkje tillate å selje heliumballongar på kommunal eigedom.
- 6.8 Det er ikkje tillate med ballongslepp, eller å sleppe flygande lanterner ved arrangement på kommunal eigedom.
- 6.9 Søkjar skal inneha nødvendige løyve for vedkomande arrangement, aktivitet, eller handel før tildelt plass vert tatt i bruk.
- 6.10 Utstyr, installasjonar og materiale m.m. som leigetakar/ arrangør nyttar, eller som på annan måte er knytt til aktiviteten, skal vere i samsvar med gjeldande lover og føresegner. Berre utstyr, installasjonar og som er opplyst i søknaden kan nyttast.

### **Kapittel 7 – Avgift/ leige**

- 7.1 Alle som skal drive handel utanom fast utsalsstad frå kommunale areal i Ulsteinvik må betale avgift/ leige. For festivalar og arrangement vert leigesum fastsett særskilt, jf. punkt 11.2.
- 7.2 Avgift/ leige vert fastsett av rådmannen eller den han delegerer mynde til.
- 7.3 Frivillige og allmennyttige institusjonar, lag og organisasjonar får nytte torgplassane vederlagsfritt.
- 7.4 Avgift/ leige vert ikkje tilbakebetalt dersom tildelt plass ikkje vert nytta.
- 7.5 Kvittering på betalt avgift/ leige skal ved førespurnad visast fram til kommunen sin representant.

### **Kapittel 8 - Tidspunkt for handel utanom fast utsalsstad**

8.1. Handel skal som hovudregel skje i tidsromet:

<i>Måndag til laurdag:</i>	<i>frå kl. 08.00 til kl. 22.00</i>
<i>1. mai og 17. mai:</i>	<i>frå kl. 08.00 til kl. 22.00.</i>
<i>Påske-, pinse-, jule- og nyttårsaftan:</i>	<i>frå kl. 08.00 til kl. 15.00</i>
<i>Søndagar og andre offentlege helgedagar:</i>	<i>stengt</i>

8.2. Når særlege tilhøve gjer det ønskjeleg, kan rådmannen enkelte dagar innskrenke/forlenge tidsromet for handel eller heilt forby handel.

8.3. Ingen må setje fram varer tidlegare enn ein halv time før gjeldande tidspunkt for handel.

### **Kapittel 9 - Aktiv handel**

9.1. Det er plikt til å drive aktiv handel på torgplassen i den perioden løyvet gjeld for.

9.2. Tildelt plass som ikkje er teke i bruk før klokka 11.00 den dagen handelen skal gå føre seg, kan tildelast andre.

9.3. Plass tildelt for lengre tidsrom enn ein dag må takast i bruk den fyrste dagen i perioden løyvet gjeld for. Om det ikkje er mogeleg, skal det meldast frå til Servicetorget i løpet av fyrste dag. Om det ikkje vert meldt i frå, kan plassen tildelast andre for heile eller delar av den reserverte perioden.

### **Kapittel 10 – Reinhald og orden**

10.1 Den som brukar eller leiger kommunal eigedom, skal halde plassen rein og ryddig og forlate plassen reingjort og fri for avfall.

10.2 Innan ein time etter stengetid skal alle installasjonar, materialar, varer, bord, plakatar, avfall, køyretøy og liknande vere fjerna frå plassen. Salsvogner og telt kan likevel bli ståande dersom det er leigd plass for fleire påfølgjande dagar.

10.3 Ingen må hindre tilkomsten til kommunale torgplassar og eigedom.

10.4 Køyretøy som ikkje nyttast som salsbod skal ikkje parkere på torgplassen.

10.5 Leigetakar/ arrangør skal sikre at telt og liknande vert forsvarleg oppsett, for eksempel ved bruk av betonglodd tilpassa for dette føremål. Betonglodd kan på førespurnad lånast av kommunen.

10.6 Leigetakar/ arrangør må ikkje bolte fast telt og liknande i asfalt, heller m.m.

10.7 Ved oppsett over fleire dagar skal leigetakar/ arrangør sikre at telt/ bod eller liknande er forsvarleg avstengt, og at grillar og anna eldsfarleg utstyr vert fjerna på ein forsvarleg måte.

### **Kapittel 11 - Festivalar, arrangement og liknande**

11.1. Kapittel 1- 14 gjeld også for festivalar og liknande, men med dei særskilte føresegnene som går fram av kapitlet her.

- 11.2. I høve festivalar, arrangement og liknande kan kommunal eigedom verte stilt til disposisjon for ein eller fleire aktørar/arrangørar, for framleige.
- 11.3. Aktør/arrangør har høve til å nytte andre leigesatsar enn dei som går fram av punkt 7.2 for vidareutleige ved festivalar og arrangement.
- 11.4. Aktør/arrangør har høve til drive handel på søndagar.
- 11.5. Ved framleige pliktar aktør/ arrangør å gjere leigetakar kjend med dette reglementet for leige av kommunal eigedom og handel utanom fast utsalsstad, og skal sjå til at leigetakar overheld føresegnene i reglementet. Ved brot på reglementet skal leigetakar straks bortvisast. Bortvisinga skal vere skriftleg og grunngjeven. Kopi av melding om bortvising skal sendast til kommunen. Brot på norsk lov skal straks meldast til politiet.

### **Kapittel 12 – Sanksjonar**

- 12.1 Den som ikkje rettar seg etter dette reglementet kan visast vekk, og nektast leige av plass i framtida. Bortvisinga skal vere skriftleg og grunngjeven. Brot på norsk lov skal straks meldast til politiet.
- 12.2 Dersom kommunen pådreg seg kostnader som følgje av at den som driv handel ikkje rettar seg etter dette reglementet, kan kommunen krevje kostnaden dekkja av den som driv handel.

### **Kapittel 13 – Erstatning**

- 13.1 Leigetakar/ arrangør er økonomisk ansvarleg og erstatningspliktig dersom leigearealet, eller tilstøytande areal, inkludert vegetasjon, faste element og liknande vert påført skade. Det same gjeld ved skade på person.
- 13.2 Leigetakar/ arrangør samtykker med dette i å halde Ulstein kommune, kommunen sine overordna, leiarar, medarbeidarar og arrangementsansvarlege skadeslause med omsyn til eit kvart krav om erstatning, krav og kostnader m.m. som kjem som ei følgje av leigetakar/ arrangør sin aktivitet og bruk av kommunal eigedom. Dette gjeld og for eventuelle krav frå 3. mann.

### **Kapittel 14 – Mynde**

- 14.1 Rådmannen vert delegert mynde til å treffe avgjerder etter dette reglementet.